

Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga

Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 13.09.2014

Vår ref: 2014/2953 - 21119/2014 /

Dykkar ref:

Høyring overgangsreglar og samanslåing av køyreområda i Stord og Fitjar

Stord kommune har motteke framlegg til overgangsreglar mellom drosjesentralane i Stord kommune til høyring. I brevet heiter det m.a.:

Dårleg rekruttering av nye løyvehavarar og dei relativt små geografiske avstandande på Stord, gjer at fylkeskommunen no vurderer samanslåing av dei to køyreområda. Det er von om at ei samanslåing vil gje eit større marknadsgrunnlag og gjera drosjenæringa meir attraktiv.

Praktiske fylgjer av ei eventuell samanslåing vil vera at løyvehavar i Fitjar må slutta seg til ein av dei to sentralane i Leirvik, men ha stasjonering i Fitjar. Dagens køyrerestriksjonar mellom køyreområda vert oppheva og alle løyvehavarar kan ta turar i dei to kommunane.

Stord næringsråd seier i ei fråsegn til saka:

«Stord Næringsråd har gått gjennom høyringsforslaget frå Hordaland fylkeskommune, og melder tilbake at me ser forslaget som ei praktisk, og god løysing ut frå situasjonen i drosjenæringa. Dersom næringa sjølv ikkje har noko imot desse nye overgangsreglane, ser ikkje Stord Næringsråd noko grunn til å gå imot.

Stord Næringsråd er opptatt av at drosjenæringa er fleksibel og serviceorientert til beste for kundane, samstundes som det vert lagt et best mogleg grunnlag for at næringa skal vera attraktiv og lønnsam som arbeidsplass.»

Rådmannen oppfattar som næringsrådet forslaget som ei praktisk og konstruktiv løysing ut frå dagens situasjon i drosjenæringa på øya. Frå kommunen si side er det viktig at drosjenæringa har rammevilkår som gjev tilstrekkeleg kapasitet og god effektivitet. Rådmannen har ingen innvendingar mot framlegget til overgangsreglar, men legg til grunn at det også vil verta lagt vekt på mogelege innspel frå næringa.

Med helsing

Magnus Mjør
rådmann

Kopi: Fitjar kommune

Dette brevet er kun sendt elektronisk og er difor ikkje underskrive